



**FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL**

KOMMUNEREFORMA I MØRE OG ROMSDAL

UNDERVEGSRAPPORT PR. 1. JULI 2015



Innleiing og oppsummering

Innleiing

Kommunane i Møre og Romsdal har det siste året hatt til dels arbeidskrevjande prosessar på gong kva gjeld kommunereforma. Frå Stortinget gjorde vedtak 18. juni 2014 om at ei kommunereform skulle gjennomførast - har kommunane fatta vedtak om ei plan for arbeidet fram til endeleg vedtak før 1. juli 2016 - og i stor grad følgd opp sine milepælsplanar. Fylkesmannen ynskjer å gje ros til kommunane for godt arbeid så langt.

Fylkesmannen har bede kommunane og regionråda om ein tilstandsrapport innan 1. juli 2015, på bakgrunn av tildeling av skjønnsmidlar til kommunane og regionråda som skulle nyttast i arbeidet med kommunereforma, viser til vedlegg 1. Kommunane fekk difor tilsendt ein Questback – spørjeundersøking frå Fylkesmannen der dei skulle svara på sentrale spørsmål kring arbeidet sitt med kommunereforma. Det er ordførar, rådmann og kontaktperson som har hatt ansvar for å svara på spørsmåla frå Fylkesmannen. Ei slik undersøking kan ha feilkjelder, men Fylkesmannen vil hevde at svara samle sett frå kommunane er ei god «temperaturmåling» på arbeidet med kommunereforma så langt i fylket vårt. Regionråda fekk i oppdrag å gje ein kort rapport om arbeidet sitt i regionen. Rapportane frå regionråda gjev eit godt bilete på arbeidet i den einskilde region, viser til vedlegg 2,3 og 4. Questbackundersøkinga frå kommunane er summert opp i denne rapporten.

Fylkesmannen viser til kjeldebakgrunn til sist i denne rapporten.

Oppsummering

Kommunane i Møre og Romsdal har tilnærma seg arbeidet med kommunereforma på ulike måtar, men innanfor kvar av dei 3 regionane har kommunane samla seg om oppgåver dei har bestemt kan løysast i fellesskap. Regionråda har hatt prosjektleiing for å legge til rette det felles arbeidet med kommunereforma, og kommunane er godt nøgd med ei slik løysing.

Det å lage seg ei milepælsplan i samråd med Fylkesmannen har fungert godt i kommunane, og i langt dei fleste kommunane vert planane reviderte etter kvart som det er behov for det. Planane er også tilpassa dei ulike oppgåver til dei enkelte regionråda.

Fylkesmannen har delteke på fleire arena saman med kommunane det siste året, der kommunereforma har vore hovudtema. Inntrykket ein sit att med er stor aktivitet, stort engasjement og mykje godt arbeid som er utført i kommunane.

Alle kommunane har laga seg ei plan ut i frå dei vedtekne hovudmåla med kommunereforma;

- Gode og likeverdige tenester
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Det har vore sentralt for kommunane å skaffe seg nok kunnskap for å kunne informere innbyggjarane sine godt nok – og til sist å kunne fatte ei endeleg avgjerd våren 2016 – ut i frå mest mogleg fakta. Dei fleste kommunane meiner å ha kontroll på å kome i mål med desse prosessane, både kva gjeld dagens og morgondagens utfordringar. Både Kommuneproposisjonen 2015 og 2016, Ekspertutvalet sine rapportar og sentrale kjelder for statistikk og analyser ligg sjølvstilt grunn for kunnskapsgrunnlaget i kommunane.

Fylkesmannen har frå starten av dette arbeidet vore tydeleg på at kommunane må freiste å skape nye og berekraftige kommunar ut i frå det som er ein naturleg bo- og arbeidsmarknad.

Kommunane har gjennom arbeidet med kommunereforma ofte gjeve uttrykk for at informasjonsarbeidet har vore utfordrande, og at det er arbeidskrevjande å få til brei involvering og medverknad. Fylkesmannen har merka seg ulike tilnærmingar til dette arbeidet – og kan vel sjå som eit hovudtrekk at godt forankra planer, god politisk og administrativ organisering og leing i kommunane er med på å fremje suksesskriteriet for god informasjon, medverknad og involvering til innbyggjarane. Fylkesmannen er sær s nøgd med at mange kommunar vel å ha aldersgrense frå 16 år i sine innbyggjarundersøkingar.

I alle 3 regionane er det teke initiativ til felles innbyggjarundersøkingar, og alle kommunane har gjennomført eller har planar om å gjennomføre slike undersøkingar.

Fylkesmannen har spurt kommunane kven dei har hatt nabopratt med, både i eige fylke og i andre fylke. Det kan sjå ut som det er noko ulik forståing for kva nabopratt er – men svara gjev likevel ein peikepinn på aktiviteten mellom kommunane.

Arbeidet med intensjonsavtalar, meir konkrete naboprattar og gjere ferdig utgreiingar/analysar er det som kommunane flest meiner må intensiverast framover.

Kommunane bed også Fylkesmannen om fortsatt å vere på tilbodssida i arbeidet med kommunereforma. Her kjem ulike forslag til uttrykk slik som rettleiar, økonomisk støtte, kunnskapsdelar, forhandlingsleiar, erfaringsdeling, skape møteplassar og ein rekkje andre gode forslag som fylkesmannen tek med seg i det vidare arbeidet. Fylkesmannen blir også bede om å bli enda tydelegare på kva som blir lagt til grunn når fylkesmannen skal gjere si endelege tilråding til Kommunal- og moderniseringsdepartementet(KMD) hausten 2016.

Tilrådinga til KMD frå fylkesmannen hausten 2016 vil kunne samsvara med vedtaka kommunane fatta, gitt at vedtaka er innanfor dei rammene Stortinget har vedteke. Fylkesmannen er heilt einig med kommunane i at ein no frametter skal bli tydelegare på kva som blir lagt til grunn i denne tilrådinga. Fylkesmannen skal vere tett på kommunane i prosessen frametter, og **hovudmåla i kommunereforma** er dei viktigaste kriteria både for kommunane og fylkesmannen i det vidare arbeidet.

Fylkesmannen er klar på at kommunestrukturen i Møre og Romsdal i dag ikkje tilfredstillar måla i kommunereforma. Det vert viktig at kommunane no legg til grunn fakta om kommunen sin ståstad i dag, og det dei har av kunnskap om analyser og trendar i samfunnet frametter dei neste 30 til 50 åra. Ut i frå hovudmåla og kunnskap vi har vil det vere viktig å bygge nye kommunar rundt naturlege bo- og arbeidsmarknader, der ein kan fremje vekst og utvikling på alle samfunnsområde.


Fylkesmannen vil gjere merksam på at alle utgreiingar må vere på plass innan 31. des. 2015, da fase 2, utgreiingsfasen, sluttar og fase 3 tek til i det nye året– som er vedtaksfasen. Nytt kommunestyre har knapt 7 månader på seg til prosessar som skal gjennomførast før vedtak innan 1. juli 2016. Fylkesmannen oppmodar difor kommunane til å intensivera arbeidet med naboprattar. Erfaringar frå andre seier at slike naboprattar/- møter må haldast ofte skal ein få på plass gode intensjonsavtalar – nokon hevdar minst 1 møte i veka i intensiv fase.

Innhold


Innleiing og oppsummering.....	2
Innleiing.....	2
Oppsummering.....	2
Innhold.....	4
1. Plan for arbeidet med kommunereforma.....	5
1.1 Kunnskapsgrunnlag.....	5
1.1 Milepælsplan.....	6
1.2 Spesifiserte fristar i plana fram til våren 2016.....	7
1.3 Plan og fristar for søknad om skjønnsmidlar.....	7
2. Informasjonsarbeidet - Involvering og medverknad.....	8
2.2 Informasjons- og folkemøte.....	8
2.3 Innbyggerundersøkingar.....	9
3 Nabopratt.....	10
3.1 Nabopratt over fylkesgrensa.....	12
3. Vedlegg.....	13
4. Kjeldebakgrunn.....	13

1. Plan for arbeidet med kommunereforma


1.1 Kunnskapsgrunnlag



Kommunane i Møre og Romsdal har som kjent fatta vedtak om plan for arbeidet med kommunereforma. I plana ligg det også korleis politikarane skal henta inn nok kunnskap for å fatte vedtak om kommunen si framtid våren 2016. 6 kommunar er no sikre på at dei har nok kunnskap til å fatte vedtak, blant dei er dei 3 største bykommunane våre, og 23 meiner dei er på god veg til å skaffe seg nok kunnskap.




32 av kommunane meiner dei skal ha innhenta nok kunnskap innan nyttår, medan 4 meiner dei ikkje rekk det. Generelt er det nokon få kommunar som meiner dei har for lita tidsramme til arbeidet med kommunereforma.



Det ligg mykje godt arbeid bak desse tala.


Kommunane i Møre og Romsdal har saman både med Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen hatt moglegheit til å sjå framover gjennom eit samarbeid med ulike tilnærmingar innan plan- og analyse. Svara her tilseier at ¼ av kommunane allereie har mykje grunnlag for å gje innbyggerane eit bilete om utviklinga frametter.

1.1 Milepælsplan





I all hovudsak har kommunane følgd sine milepælsplanar som dei har lagt til grunn for eige arbeid med kommunereforma.

Dei fleste kommunane har i sine prosessvedtak plan for arbeidet fram til våren 2016, og nokon av dei kommunane har i nye vedtak presisert/justert plana si framover. Av dei 26 kommunane som har plan fram til vedtak våren 2016, er det heile 21 kommunar som har inkludert folkevaltopplæring med spesielt fokus på kommunereforma i plana.




1.2 Spesifiserte fristar i plana fram til våren 2016

Halvparten av kommunane i Møre og Romsdal har allereie sett fristar for saksutgreiinga i samband med vedtaket våren 2016. Slike fristar er med på å skjerpe framdrifta – og vi vonar at slike vedtak kjem på plass fortløpande utover hausten.



Arbeidet og tenkinga kring intensjonsavtalar er så vidt teke til i Møre og Romsdal, og ¼ part av kommunane har allereie sett frist for slike avtalar. Fylkesmannen ber kommunane om å intensivere planane sine i arbeidet med intensjonsavtalar, og i den forbindelse stiller fylkesmannen juridisk kompetanse til disposisjon.


Over halvparten av kommunane har sett frist for å gjere retningsval. Slike fristar gjer det enklare for kommunestyra å legge plan for evt. innbyggjarhøyringar og/eller folkerøysting på retningsvala.



1.3 Plan og fristar for søknad om skjønnsmidlar


Fylkesmannen arbeider med ei plan for skjønnsmiddeltildeling til dei «nye kommunane» i overgangsfasen til reformstøtte vert utbetalt. Kommunane skal på første kontaktpersonsamlinga i haust bli orientert om korleis Fylkesmannen sine planar omkring tildeling av skjønnsmidlar skal riggast framover for dei nye kommunane

2. Informasjonsarbeidet - Involvering og medverknad




Ut i frå desse svara kan ein tolke det slik at kommunane vurderer sitt eige generelle informasjonsarbeid så langt som tilfredstillande. Når alt kunnskapsgrunnlaget ligg føre og er systematisert - vil nok kommunane måtte intensivera informasjon, involvering og medverknad til innbyggjarane.

2.2 Informasjons- og folkemøte




Over 2/3 delar av kommunane har allereie gjennomført eit eller fleire folkemøte, og alle har planer om å gjennomføre slike møter. Kommunane har meldt om at det er vanskeleg å nå aldersgrupper under 50 år på tradisjonelle folkemøte. Då er det viktig for kommunane å ta i bruk andre verkty for medverknad til desse aldersgruppene.

Dei fleste kommunane har hatt frå 3 til 6 informasjons-/folkemøte kvar, og dei fleste melder om at dei har brukt desse møta til å informere innbyggjarane om kommunereforma og stoda om eigen kommune. Nokon kommunar har brukt folkemøta til å gje konkrete spørsmål til tilhørarane – for å bruke svara til det vidare arbeidet med kommunereforma.



2.3 Innbyggjarundersøkingar



Alle 3 regionråda i fylket har vore engasjert i arbeidet med å legge til rette for innbyggjarhøringar i kommunane. Regionvise tilrettelagte innbyggjarhøringar har gjort det enklare for kommunane i høve til dette arbeidet. Nokon kommunar har i tillegg teke med i høringa spørsmål som har vore direkte knytt til lokale forhold, til dømes delingar av kommunen eller grensejusteringar.



Over halvparten av kommunane har gjennomført innbyggjarundersøkingar.

Kommunane blei ikkje spurte om dei har plan for folkerøysting, men i planane som ligg til grunn her for vidare innbyggjarundersøkingar - veit vi at nokon kommunar også har planar om folkerøysting når kommunestyret har vedteke retningsval.

Dei fleste kommunane har hatt ei til to innbyggjarundersøkingar allereie.



Over halvparten av kommunane har allereie sett ei nedre aldersgrense til 16 år. Det er enno 9 kommunar som ikkje har teke avgjerd om aldersgrense – og fylkesmannen oppmodar dei kommunane som ikkje har bestemt seg om å setje aldersgrensa til 16 år.

3 Nabopratt

Med naboprattar i denne matrisa er meint innleiande samtalar med nabokommunar om moglegheit for vidare samarbeid i regi av kommunereforma. Det vil nok vere noko rom for feilkjelder her, men hovudtrenden av svara stemmer nok godt overeins med det kommunane har gjennomført.

	Ørsta	Volda	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Sula	Ålesund	Giske	Skodje	Sandøy	Haram	Ørskog	Stordal	Norddal	Stranda	Sykkylven	Vestnes	Rauma	Midsund	Aukra	Molde	Fræna	Eide	Gjemnes	Neset	Sunnadal	Surnadal	Rindal	Halsa	Aure	Smøla	Tingvoll	Kristiansund	Averøy	Ingen			
Ørsta																																								
Volda																																								
Vanylven																																								
Sande																																								
Herøy																																								
Ulstein																																								
Hareid																																								
Sula																																								
Ålesund																																								
Giske																																								
Skodje																																								
Sandøy																																								
Haram																																								
Ørskog																																								
Stordal																																								
Norddal																																								
Stranda																																								
Sykkylven																																								
Vestnes																																								
Rauma																																								
Midsund																																								
Aukra																																								
Molde																																								
Fræna																																								
Eide																																								
Gjemnes																																								
Neset																																								
Sunnadal																																								
Surnadal																																								
Rindal																																								
Halsa																																								
Aure																																								
Smøla																																								
Tingvoll																																								
Kristiansund																																								
Averøy																																								


Kommunane på Søre Sunnmøre, Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid, svara ikkje heilt det same om kvarandre. Vi kan tolke det slik at nokon meiner at fellesmøte med 2 eller fleire av kommunane er naboprat – eller naboprat er eit spesielt møte med ein kommune.

Når det gjeld kommunane på Nordre del av Sunnmøre, inklusiv Hareid, Ulstein i sør og Vestnes og Sandøy i nord er det der fleire prosjekt på gang med «nabopratar». Sjå vedlegg nr. 4

Kommunane i Romsdal har hatt lite nabopratar til no, og bykommunen Molde ingen. Dette kan vere grunna i at dei har venta på ein sluttrapport frå Telemarkforskning som blei offentleg i mai 2015. Det er vel grunn til å tru at nabopratarane i denne regionen blir intensivert etter ferien. Sjå vedlegg 3.

Kommunane på Nordmøre har gjennomført ein del nabopratar, men også dei ventar på ei utgreiing frå Telemarkforskning. Sjå vedlegg 2.

3.1 Nabopratt over fylkesgrensa



Kommunane sør i fylket har hatt naboprattar med følgjande kommunar i **Sogn og Fjordane**: Horingdal, Stryn, Eid, Selje og Vågsøy. Nokon av desse kommunane har fått tilbod om å vere med på fells innbyggjarundersøking med kommunane på Sunnmøre – i regi av Sunnmøre regionråd.

Kommunane nord i fylket har hatt naboprattar med følgjande kommunar i **Sør-Trøndelag**: Oppdal, Hemne, Frøya, Hitra, Snillfjord, Orkdal, Rennebu og Meldal. Nokon kommunar i Sør-Trøndelag har fått tilbod om å vere med på fells innbyggjarundersøking - i regi av Nordmøre regionråd.

Rauma kommune har hatt nabopratt med Lesja kommune i **Oppland**.

3. Vedlegg

Vedlegg 1: Oversikt over reformprosessen i fylket pr. 11. feb. 2015

Vedlegg 2: Undervegs rapport frå Nordmøre regionråd pr. 1. juli 2015

Vedlegg 3: Undervegs rapport frå Romsdal regionråd pr. 1. juli 2015

Vedlegg 4: Undervegs rapport frå Sunnmøre regionråd pr. 1. juli 2015

4. Kjeldebakgrunn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal sine heimesider spesielt retta mot arbeidet med kommunereforma: <http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunalstyring/Kommunereformen/>

På desse heimesidene vil du finne relaterte dokument og lenker som gjev deg informasjon og kunnskap om bakgrunn, fakta og prosessen omkring kommunereforma



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandler, innvalgstelefon
 prosessrettleiar Vigdis Rotlid Vestad, 71 25 84 47

Vår dato
 11.02.2015
 Deres dato

Vår ref.
 2014/7006/FMMRVIVE/310
 Deres ref.

Kommunalavdelingen v/ seniorrådgiver Janne Marie Larsen
 Postboks 8112 Dep,
 0032 OSLO

Møre og Romsdal - Status i arbeidet med kommunereformen

1. Oversikt over reformprosessen i fylket

35 kommunestyre i Møre og Romsdal har forberedt og vedtatt plan for arbeidet med kommunereformen frem til endelig vedtak våren 2016 - og følge LØP 2 - 1 kommune velger å kjøre et individuelt løp i prosessen. Fylkesmannen(FM) har tildelt 35 kommuner skjønnsmidler til arbeidet med kommunereformen på bakgrunn av disse vedtakene.

Møre og Romsdal er inndelt i 3 regioner med hvert sitt regionråd:

- Nordmøre regionråd (ORKide) (61677 innbyggere pr. 01.01. 2014)
- Romsdal regionråd (ROR) (59535 innbyggere pr. 01.01. 2014)
- Sunnmøre regionråd (140318 innbyggere pr. 01.01. 2014)

Kommunene har ønsket at regionrådene skal bistå de i å arrangere felles møter, møteledelse, utredninger osv. vedrørende arbeidet med kommunereformen. Fylkesmannen støtter denne arbeidsformen, og har derfor tildelt skjønnsmidler til regionrådene med til sammen 4 mill. kroner. Fylkesmannen støtter også det lokale arbeidet i den enkelte kommune - der 32 kommuner er tildelt kr. 200 000,- og de 3 største bykommunene; Kristiansund, Molde og Ålesund er tildelt kr. 500 000,-.

Kommunereformen oppsummert for alle kommunene i M&R: FM opplever stor politisk aktivitet, der det er fokus på involvering av innbyggerne - og ikke minst at ungdommen blir spesielt invitert inn på ulike arenaer.

- **Kommunene på Nordmøre:** (ORKide) Rindal, Surnadal, Halså, Aure, Smøla, Sunndal, Tingvoll, Kristiansund, Averøy, Eide og Gjemnes
 - *Neset og Fræna kommune tilhører Romsdal – men er med på div. interkommunale samarbeid i ORKide.*

Status: Stor aktivitet på Nordmøre. To eller flere kommuner har vært i sonderingsmøter med hverandre. Næringslivet har i det siste lansert at Nordmøre bør bli en storkommune med Kristiansund som sentrum– og knyttes til Trøndelag. Nordmøre sine grensekommuner mot Trøndelag har vært i sonderingsmøter med sine naboer i nord. Kommunene sørover snakker med sine naboer i Romsdal. Kommunene Sunndal og Neset har hatt flere møter vedrørende mulig sammenslåing i LØP 1. Det er nå vedtatt i disse kommunene at de følger LØP 2. Folkemøter, spørreundersøkelser og utredninger er på dagsorden for kommunene på

Nordmøre. Prosjektleder for kommunereformen er nylig tilsatt i ORKide – som vil koordinere felles aktiviteter/undersøkelser/utredninger for kommunene.

- **Kommunene i Romsdal:** (ROR) Nesset, Rauma, Vestnes, Midsund, Aukra, Molde, Fræna, Sandøy
 - *Eide kommune tilhører Nordmøre - er medlem både i ORKide og ROR*
 - *Nordmørskommunene Gjemnes og Sunndal er med på en utredning vedrørende fremtidig kommunestruktur innen ROR-området*
 - *Sandøy kommune er ikke medlem i ROR*

Status: Kommunene i Romsdal har engasjert ROR til å utrede fremtidig kommunestruktur/-samarbeid i Romsdal. Telemarksforskning fikk dette oppdraget, og første delrapport er allerede fremlagt for kommunene. Nordmørskommunene Gjemnes, Eide og Sunndal, som alle grenser til Romsdal, er også med på disse utredningene. Alle kommunene er invitert til felles kommunestyremøte nå i februar for videre drøftinger om fremtidig kommunestruktur. Kommunene har bedt Telemarksforskning om 11 utredningsalternativer, inklusiv alternativ om en storkommune i Romsdal. I den enkelte kommune i Romsdal er det også stor aktivitet. Daglig leder i ROR arbeider med kommunereformen som sitt hovedarbeidsområde.

- **Kommunene på Sunnmøre:** (Sunnmøre regionråd) Vanylven, Sande, Herøy, Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta, Norddal, Stordal, Ørskog, Sula, Skodje, Ålesund, Haram, Sykkylven, Stranda, Giske.
 - *Sandøy kommune tilhører Romsdal, men er medlem kun i Sunnmøre regionråd*
 - *Vestnes kommune tilhører Romsdal, er medlem både i ROR og Sunnmøre regionråd*

Status: Kommunene på Sunnmøre har engasjert Sunnmøre regionråd til å administrere en felles spørreundersøkelse, som ble fremlagt høsten 2014. Det har vært flere møter mellom kommunene, og flere møter er under planlegging. Kommunene i sør har vært i sonderingsmøter med sine naboer i Sogn og Fjordane, og kommunene i nord har dialog spesielt med Romsdalskommunene Vestnes og Sandøy. Sunnmørskommunene deler seg geografisk naturlig inn i «kommunene på Søre Sunnmøre» og «kommunene på Nordre Sunnmøre» - også hva gjelder å snakke sammen i sonderinger for sammenslåing. Det er stor aktivitet også i den enkelte kommune på Sunnmøre. Sunnmøre regionråd har en prosjektleder i full stilling som bare arbeider med kommunereformen for kommunene.

2. FM sitt arbeid med kommunereformen

Fylkesmannen i M&R bistår kommunene i kommunereformarbeidet på ulike vis. Et kommunereformteam har hovedansvaret, men også fylkesmannens strategiske ledergruppe er involvert i arbeidet. Fylkesmannen følger nå opp kommunene på bakgrunn av prosessvedtaket og aktiviteter i den enkelte kommune, og samarbeider tett med regionrådene der kommunene har nytte av felles aktivitet og møteplasser. Alle kommuner har hatt besøk fra FM gjennom 2014 og frem til d.d. der kommunereformen har vært et tema eller hovedtema.

Med hilsen
Rigmor Brøste(e.f.)
As. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Kart med regioninndeling og befolkningsstatistikk

Kommunereform på Nordmøre

Halvårsrapportering i reformarbeidet – 1. Juli 2015

Nordmøre regionråd - ORKidé

Vi viser til brev frå Fylkesmannen om rapportering frå regionråda, dagsett 01.06.2015, og den opphavlege prosjektsøknaden frå regionrådet av 3. oktober 2014.

Nordmøre Regionråd – ORKidé vedtok hovudrammene for felles prosess i kommunereforma på kollegiemøte 13. November 2014. Prosessleiar for kommunereforma er seinare tilsett i 100 % stilling.

Prosessleiareren byrja i stillinga 27. april 2014 og vil vere ansvarleg for vidare oppfølging av prosjektplanen. I fase 1 og første halvdel av fase 2 er tiltaka hovudsakeleg knytt til å:

- Legge til rette for felles metodar og prosess kva gjeld kartlegging og analyser
- Sikre at felles utgreiingar vert gjennomførte
- Hjelpe kommunane til dømes med å samle inn datagrunnlag
- Arrangere gode møteplassar
- Koordinere mellom ulike instansar

Av praktiske omsyn er tiltaka nedanfor delt inn ut frå Fylkesmannen sitt rapporteringsbrev. Rapporteringa inkluderer også aktivitetar seinhausten 2014 i samband med oppstart for reforma.

Arena for møte i kommunereforma

Arena	Om møtet	Nærare informasjon
Kollegiemøte	Kommunereform har vore sak på kollegiemøte 13.11.14, 14.02.15, 17.04.15 og 19.06.15. Delutgreiingar i kommunereforma vart lagt fram på kollegiemøte 19. Juni	Om lag 20 personar frå kommunane på kollegiemøta. 19. juni var også repr. frå Oppdal, Hemne og Hitra med.
Møte med enkeltkommunar	Møte med lokale prosjekt-grupper, alternativt ordførar og rådmann	Eide, Surnadal, Sunndal, Rindal, Kristiansund - 2-10 personar på kvart møte
Kommunestyre/ formannskap	Formannskapsmøte Orientering for bystyre	Halsa, Surnadal, Rindal 18. Mai Kristiansund bystyre 02. juni
«Nabopratt»	Nabopratt mellom kommunar, initiativ frå Fylkesmannen	Gjemnes, Nesset 07. mai
Ungdomsarena	«Folkemøte»/temadag om kommunereforma for vidaregåande skule Møte mellom representantar frå fleire av ungdomsråda og regionråd/Fylkesmannen	Kristiansund kommune m/elevar frå Kr.sund, Averøy, Aure, Eide, Smøla, Fræna, Tingvoll, Gjemnes, Surnadal 07.05. Gjemnes, Sunndal, Kristiansund, Smøla 10. juni
Nettverksmøte kommunereform	Nettverket oppretta 12. Mai; ein representant frå kvar kommune* + regionrådet sin prosessleiar. Eitt fysisk møte og to telefonmøte i tillegg til kontinuerleg kontakt på e-post	Om lag 12-15 personar på kvart møte
Felles formannskapsmøte	Formannskapsmøte mellom kommunane 22. oktober 2014	Aure, Smøla, Halså, Surnadal, Rindal, Sunndal, Gjemnes, Eide, Tingvoll, Averøy, Kristiansund
Fellesmøte om kommunereform	Deltok på Fylkesmannen si kontaktpersonsamling 17.09.14, 21.01.15 og 30.04.15	Alle kommunane

	Medarrangør av dialogmøte om kommunereforma i Ålesund 12. des.	Alle kommunane
	Deltaking på Fylkesmannen sitt by-møte 11.juni 2015	Kristiansund + regionrådet
	Samarbeidsmøte mellom regionråda 4. mai og 11. juni.	Regionrådet
Møtearena på tvers av regionar	Deltaking på Sunnmøre regionråd si samling 27. 11.14	Regionrådet
	Fellesmøte med Orkdalsregionen 17. 10.14	Nordmørskommunane

**Hemne og Hitra har bede om å vere med i kommuneutgreiinga på Nordmøre og er derfor invitert inn i nettverket.*

I neste halvår søker regionrådet å utvide møteaktiviteten på fleire område. Mellom anna er det planlagt felles formannskapsmøte i august/september, og prosessleiar vil kunne vere prosess-støtte for kommunar som i haust går inn i konkrete samtalar om en mogeleg ny kommune.

Aktuelle utgreiingar og prosjekt i reforma på Nordmøre

Felles utgreiing av framtidige kommunar

Kommunane på Nordmøre gjennomfører felles kommuneutgreiing. Telemarksforskning har fått oppdraget, som blir gjennomført på same måte som for Romsdalsregionen. Det gir høve til samanlikning for dei kommunane som tek del i begge regionane sitt arbeid. Telemarksforskning legg også opp si datainnsamling og analyser ut frå måla i kommunereforma og kriteria frå Ekspertutvalet. Dette gir ei transparent utgreiing der ein lett kan etterprøve korleis vektingane er grunngeve, og så vil det vere ei lokal og politisk vurdering korleis ein vektlegg resultatet for dei ulike kriteria.

I utgreiinga er det meldt inn totalt 13 alternativ, og i tillegg er to alternativ meldt inn i etterhand. Liste over alternativa ligg på www.orkideportalen.no

Tidsplan for utgreiinga er slik:

- Dei to første delrapportane om økonomi og samfunnsutvikling vart lagt fram 19. juni
- Delrapport 3 om tenester vil ligge føre i siste halvdel av september
- Delrapport 4 om lokaldemokrati vil ligge føre i siste halvdel av oktober
- Sluttrapporten med Telemarksforskning si tilråding vil vere klar i starten av november.

Felles innbyggerundersøking – åtte kommunar

Aure, Smøla, Halså, Surnadal, Rindal, Tingvoll, Averøy og Kristiansund gjennomfører felles innbyggerundersøking. Telemarksforskning og Norstat gjer dette arbeidet. Datainnsamling finn stad i juni 2015 og rapport vil ligge føre i juli. Eit representativt utval av innbyggerane blir mellom anna spurte om deira haldningar til kommunereform generelt, til dei konkrete alternativa som er aktuelle for heimkommunen dei bur i, og kva argument dei legg vekt på ved kommunesamanslåing. Dei blir også spurte om identitet og tilknytning til heimstad/kommune/region/fylke.

Fem av desse kommunane gjennomfører i tillegg ei internettundersøking med liknande spørsmål.

Dei tre kommunane som ikkje er med på dette ORKidé-opplegget har gjennomført innbyggarmåling tidlegare, på andre vis.

Byregionprogrammet – Kristiansund og omliggande kommunar

Seks av kommunane kring Kristiansund tek del i byregionprogrammet, som mellom anna tek for seg høve til effektivisering av kommunale tenester og korleis arbeidet med nokre tenester kan fordelast geografisk mellom kommunane. Dette er ikkje ein del av reformarbeidet i regionen sin regi, men resultatane vil vere særskilte relevante for dei av desse kommunane som etter kvart går inn i konkrete samtalar med ein eller fleire av naboane sine.

Arbeid opp mot andre fylke

For fleire av kommunane på Nordmøre er det spørsmål i kommunereforma som er knytt til kommunegrensa mot Sør-Trøndelag. Nordmøre Regionråd – ORKidé søker å ta høgde for det i felles prosessar:

- Hemne, Hitra og Oppdal er med i nokre av alternativa i felles kommuneutgreiing for Nordmøre og blir inviterte inn i relevante møte om dette. Hemne og Hitra er med i nettverket for kontaktpersoner i kommunane.
- Regionrådet gjennomførte felles møte med Orkdalsregionen i oktober 2014
- Rindal kommune har kommunestyrevedtak om at kommunen ønsker overflytting til Sør-Trøndelag, og kommunen tek også del i utgreiingsprosessane i Orkdalsregionen.
- Innbyggerundersøkinga som går føre seg i åtte av kommunane i juni 2015 vil gje meir informasjon om innbyggerane sin identitet og tilknytning til Møre og Romsdal/Sør-Trøndelag.

Regionrådet legg til grunn det Fylkesmannen tidlegare har sagt om at fylkesgrensene ikkje er til hinder for kommunesamanslåing den eine eller den andre vegen, spesielt ut frå at kommunane på Nordmøre er i løp 2 der endelege vedtak blir gjort gjennom kommuneproposjonen i Stortinget.

Samla vurdering – arbeidet med kommunereforma

Nordmørskommunane har hatt ei rekkje aktivitetar knytt til kommunereforma, og felles prosess mellom kommunane har no også kome godt i gang. Dette gir eit godt grunnlag for vidare involvering av innbyggerane, noko som er avgjerande for å kome i mål med reforma og sikre ein god prosess.

Felles aktiviteter er per juni 2015 hovudsakeleg konsentrert om utgreiing av det avgjerdsgrunnlaget som kommunane treng for sine vidare prosessar. Etersom Telemarksforskning legg opp si utgreiing ut frå hovudmåla i reforma og dei kriteria som er sett ned av ekspertutvalet, legg regionrådet til grunn at hovudmåla er godt ivaretekne i det arbeidet som er sett i gang.

Til hausten går ein gradvis inn i konkrete diskusjonar mellom kommunar, etter kvart som dei faglege grunnlaga ligg føre. På kollegiemøtet i Sunndal 19. juni gjekk kommunane inn for ein felles rammeprosess for slike samtalar, og nøyaktig korleis ein løyser dette vil vere tema på felles formannskapsmøte ca. 1. september. Regionrådet går aktivt inn med prosessbistand til dei kommunane som ønskjer det i haust. Fokus framover blir altså på dei møteromma som er mellom kommunane, der ein må sikre at alle sit med same strategiske bilde og faktagrunnlag etter kvart som prosessen skrid fram.

Kommunereform på Nordmøre – halvårsrapportering 1. Juli 2015

Den største utfordringa som regionen står framføre no fram mot endelege vedtak i juni 2016, er å sikre mest mogeleg tid til dei gode og faktabaserte diskusjonane i og mellom kommunane. Den felles prosessen som regionrådet no har teke initiativ til, vil legge rette for mest mogeleg prosessid fram til ein skal høyre innbyggjarane på konkrete kommunealternativ vinteren 2015.

Nordmøre, 1. juli 2015

Ingunn Golmen

(sign)

Leiar Nordmøre Regionråd – ORKidé

Roland Mauseth

(sign)

Prosessleiar kommunereform

Underveisrapportering for kommunereformen

Romsdal Regionråd juni 2015

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har bedt om underveisrapportering fra Romsdal Regionråd om arbeidet med kommunereformen innen 1. juli 2015. Det redegjøres her forløpende for spørsmålene.

1. Framstill gjerne dette i ei matrise: Kor mange møter, folkemøte, kurs, konferansar, studieturar og anna har regionråda delteke på saman med ein eller fleire kommunar. Namn på aktuelle kommunar.

Arrangement	Antall møter	Deltakerkommuner	Antall deltakere hvert møte
Medlemsmøte for å avklare utredningsalternativene	1	Aukra, Eide, Fræna, Midsund, Molde, Nesset, Rauma, Vestnes	33
Prosjektgruppemøter	8	Aukra, Eide, Fræna, Midsund, Molde, Nesset, Rauma, Vestnes, Sunndal, Gjemnes	9, 11 fra og med oktober
Medlemsmøter for å få presentert og diskutere rapportene	5	Aukra, Eide, Fræna, Midsund, Molde, Nesset, Rauma, Vestnes, Sunndal, Gjemnes	37
Styringsgruppemøter	8	Styret i ROR+ to tillitsvalgte	8
Ordførermøter der kommunereformen har vært tema hver gang	6	Ordførermøter der kommunereformen har vært tema hver gang	9 (litt varierende oppmøte)
Felles kommunemøter, politisk og administrativt	2. februar og 9. juni 2015	Aukra, Eide, Fræna, Midsund, Molde, Nesset, Rauma, Vestnes, Sunndal, Gjemnes	Ca 300
Møte for ungdomsrådene	18. juni	Midsund, Molde, Vestnes (alle var invitert)	5 fra ungdomsråd 3 fra Fylkesmannen og daglig leder i ROR
Studietur til Nederland i regi av GassROR	1	Aukra, Eide, Fræna, Molde, Nesset, Rauma, Vestnes	16

2. Gje kort greie for prosjekt, utgreiingar, innbyggjarundersøkingar og anna aktivitet som regionråda meiner er viktig for rapporteringa

Vi har benyttet Telemarksforskning til å gjøre en felles utredning med 4 delrapporter og 1 sluttrapport på vegne av kommunene i ROR. Utredningen har foregått i perioden september 2014-mai 2015. I tillegg har kommunene Gjemnes og Sunndal deltatt i utredningen.


Delrapportene er laget ut fra de 4 hovedmålene i kommunereformen som er vedtatt av Stortinget:

- Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling
- Bærekraftige og robuste kommuner
- Gode og likeverdige tjenester
- Styrket lokaldemokrati

Delrapportene og sluttrapporten, som har vært presentert enkeltvis for medlemsmøtet i ROR finnes her:

http://www.romsdalregionrad.no/index.php?page_id=3741

I utredningsprosessen har involvering vært et sentralt tema. Prosjektorganiseringen har vært som følger:



I tillegg har hver kommune hatt ansvar for å presentere delrapporter og sluttrapport for politikere og administrativ ledelse i egen kommune.

4 kommuner, Eide, Fræna, Molde og Rauma, har også gjort en innbyggerundersøkelse i mai 2015. Denne har vært utført av NIVI analyse og den finnes her:

<http://www.romsdalregionrad.no/innbyggerundersokelse-f>

Resultatene av utredningen fra Telemarksforskning og innbyggerundersøkelsene forutsettes kjent av Fylkesmannen.

3. Nemn kort om arbeidet regionråda har vore med på når det gjeld kommunar i andre fylke – og status i dette arbeidet

Romsdal Regionråd kjenner ikke til at noen av kommunene i ROR har dialog med kommuner i andre fylker.

4. Fylkesmannen ber også regionråda gje ei kort samla vurdering av arbeidet i sin region ut i frå måla med kommunereforma

Utredningsfasen er nå ferdig for ROR-kommunene i fellesskap. Noen kommuner har bedt om en vurdering av 0-alternativet i regi av Telemarksforskning. Ikke alle kommunene har fått denne vurderingen pr dato.

Utredningene har vært grundige og hatt utgangspunkt i målene som Stortinget var enig om for reformen, og vi har i samlet regionråd brukt mye tid på å sette oss inn i og analysere og diskutere resultatene fra Telemarksforskning. Prosjektgrupper, styret og politisk arbeidsgruppe har vært sentral i dette arbeidet. I tillegg har hver kommune presentert delrapporter og sluttrapport i politiske organ og ledelse i kommunen, noen av disse møtene har daglig leder i ROR bistått med presentasjonen.

Regionrådet har i all hovedsak ivare tatt behovet for utredning i hver kommune samordnet. Vestnes har i tillegg utredninger sammen med Sunnmørskommunene og Eide sammen med Nordmøre. Det har vært evaluert som en god ordning å utrede i fellesskap, ikke minst siden alle kommunene fikk med sine alternativer i utredningen. Det har vært interessant å observere hvordan faktagrunnlaget fra rapportene etter hvert har påvirket diskusjonene i kommunene.

I og med at ROR-kommunene i all hovedsak er ferdig med utredningsfasen, er de fleste kommunene klar til og har opprettet sonderings-/forhandlingsutvalg for å sjekke ut hva de andre kommunene ønsker å gå videre med frem mot en ny kommune. Kommunene Rauma, Nesset, Midsund og Molde har også pr dato via politiske vedtak pekt ut hvilke alternativ som er de foretrukne for dem å gå videre med. 10. august er det avtalt første møte for ROR-kommunenes sonderings-/forhandlingsutvalg der agendaen er følgende:

- Hver kommune inviteres til å orientere fra egen kommune om følgende (10 minutt hver):
 - Hva er status for kommunereformarbeidet i egen kommune?
 - Er det etablert sonderingsutvalg/forhandlingsutvalg, hvem er i tilfelle representert i dette?
 - Er det gjort vedtak om retningsvalg/valgt alternativ som kommunen ønsker å gå videre med?
- Gjennomgang av forslag til prosessplan med milepælsplan
- Hva kan ROR administrativt tilby av bistand i den videre prosessen?
- Diskusjon om veien videre

Gjemnes kommune er også invitert til dette møtet.

5. Kva synes regionråda det er viktig å leggje vekt på i sitt vidare arbeid for å få kommunane i «mål» innan 01.07 neste sommar?

I medlemsmøtet til ROR 9. juni var dette temaet oppe til diskusjon. Styret har tatt med seg diskusjonen fra medlemsmøtet og daglig leder vil relativt raskt lage et forslag til felles prosessplan med milepæler. Denne vil bli lagt frem for diskusjon i møtet 10. august. I og med at mye utredningsarbeid er gjort allerede, er det rom for å bruke tid på de innledende diskusjonene i høst, slik at alle kommunene kommer i havn med vedtak innen fristen 1. juli 2016.

RORs rolle administrativt vil mellom annet være:

- Prosessledelse: Koordinator og fasilitator for ulike alternativer
- Sekretariat/tilrettelegger
- Informasjonsinnhenting
- Kompetansedeling
- Evt tilleggsutredninger
- Felles kommunikasjonstiltak
- Holde innlegg i møter i kommunene
- Arrangere studietur/fellesmøter

Det er viktig å understreke at behovene er ulike i de ulike kommunene og at det er kommunene selv som skal være premissleverandør i forhold til det ROR skal bistå med.

ROR har fått midler av Fylkesmannen til en ekstra stilling for å bistå kommunene i reformarbeidet. Dette vil gi oss en mye større mulighet til å bistå og kunne være fleksibel ut fra kommunenes behov fremover høsten 2015 og våren 2016. Det er viktig å understreke at ROR administrativt skal prioritere prosessuell bistand til alle alternativene som medlemskommunene ønsker å gå videre med, ikke bare det alternativet som omfatter flest mulig Romsdalskommuner.

I tillegg er det viktig for styret i ROR og daglig leder at de har en rolle mht å ivareta det gode samarbeidsklimaet som er i ROR når diskusjonene om ny felles kommune går fremover. ROR felleskapet er et godt etablert felleskap som det er viktig å beholde uansett hvilke endringer i kommunestruktur som vil skje fremover.

Vi ser frem til det videre arbeidet med kommunereformen, ta gjerne kontakt ved behov for utfyllende opplysninger.

Britt Rakvåg Roald (sign)

Daglig leder ROR/Prosjektleder kommunereformen i ROR

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset
6404 MOLDE

Sakshandsamar

Anne Mette Liavaag

Tlf 992 32 321

Dykkar ref.
2014/4388

Vår ref.
AMLI/14/51-6/140

Dato:
23.06.2015

UNDERVEGSRAPPORTERING PR. 1. JULI 2015 - PROSJEKT - KOMMUNEREFORM PÅ SUNNMØRE

Vi viser til brev frå Fylkesmannen datert 01.06.15 vedrørende undervegsrapportering for kommunereforma pr 1. juli 2015.

Kommunane på Sunnmøre har kome godt i gang med lokale og regionale prosessar for å møte kommunereforma på ein offensiv og konstruktiv måte. Til grunn for regionrådets arbeid ligg vedtak i Sunnmøre regionråds styre og representantskap om at regionrådet skal ha ei sentral rolle arbeidet.

Regionrådet starta arbeidet med kommunereforma i januar 2014. Målet med arbeidet er å bidra til at prosessane i kommunane blir grundige gjennom å skape gode møteplasser der kommunane kan finne gode løysningar på eige hand. Regionrådet skal også bidra slik at kommunane har solid grunnlag for gode politiske prosessar.

Regionrådets rolle i kommunereforma på Sunnmøre er viktig, unik og legitim. Regionrådet er kommunanes eige «heimebane», og en arena der kommunane har tradisjon for å samlast for å diskutere utvikling og samarbeid innan ulike områder. Å bruke denne arenaen for å sikre gode prosessar i kommunereforma har så langt vist seg å være fornuftig.

Vi vil takke Fylkesmannen for støtta til arbeidet med kommunereforma i 2014 og 2015. Dette har vore heilt avgjerande for å kunne ha det aktivitetsnivået kommunene ønsker at regionrådet skal ha. Vi vil også takke for eit særst godt samarbeid siden oppstarten av reformen, og vi ser fram til vidare samarbeid.

1. Aktivitetsmatrise – kommunereformarbeidet på Sunnmøre

	Volda	Ørsta	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Sula	Ålesund	Giske	Sandøy	Haram	Vestnes	Sikøye	Ørskog	Stordal	Norddal	Stranda	Sykkylven	Ungdom	Næringsliv
Møter/møterunde	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓		
Ungdomsråd	✓	✓	✓	✓	✓	✓		✓		✓	✓			✓		✓				✓	
Deltakelse kommunestyremøte	✓	✓		✓		✓	✓							✓				✓			
Deltakelse formannskapsmøte				✓						✓			✓								
Folkemøter		✓	✓					✓				✓		✓		✓	✓			✓	✓
Konferanser (fleire)	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓
Konferanse - Arena Sunnmøre (2x)	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓
Studietur Danmark			✓	✓		✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓		✓	✓	✓	✓	✓	✓		
Reformprosjekt - Ny landkommune											@	@	@	@	@	@	@				
Reformprosjekt - Regionkommune Sunnmøre						@	@	@	@	@	@	@		@	@	@	@				
Reformprosjekt - Indre Storfjord																○	○	○	○		
Utgreiing - enkeltkommune		✓		✓			✓													✓	✓
Sunnmøre Regionråd IKS - Representantskap	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@		
Sunnmøre Regionråd IKS - Styre	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@		
Sunnmøre Regionråd IKS - Rådmannsmøte	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@	@		

Utført
 Planlagt gjennomført 2015
 Pågåane prosess

2. Utgreiingar/rapportar

Innbyggerundersøking 2014 (Sentio)	✓
Innbyggerundersøking 2015	○
Utfordringsnotat (BDO)	✓
Reformprosjekt - Regionkommune Sunnmøre	@
Reformprosjekt - Ny landkommune (eget arbeid)	@
Reformprosjekt - Ny landkommune (Telemarksforsking)	✓
Reformprosjekt - Indre Storfjord	○
Utgreiing enkeltkommune	✓

Utført
 Planlagt gjennomført 2015
 Pågåane prosess

3 Arbeid i andre fylke

Det har vore dialog med Hornindal og Stryn om deltaking i Innbyggerundersøking 2015.

4. Vidare arbeid

I 2014 vart det arbeida med å konkretisere og forankre Sunnmøre Regionråd IKS sitt arbeid med kommunereforma overfor kommunane. I 2015 har vi blant anna støtta våre eigarkommunar i arbeidet om lokale utgreiingar.

Dei fire hovudmåla i kommunereforma har samla vore med i alle utgreiingar og konferansar. Dette for å sikre at ein ser prosessen i heilheit, og ikkje åleine fokuserer på element som

enkeltkommunar vel å fokusere på. Vi har eit inntrykk av at det er sterkast fokus på tenestutvikling, men har forsøkt å balansere dette opp mot dei andre hovudmålsetningane.

Vi har eit generelt inntrykk av at kommunerformarbeidet har god framdrift på nordre Sunnmøre, medan det er litt ujamn felles prosess på Søre Sunnmøre. Volda og Ørsta kommunar har kome lengst i reformarbeidet samla sett, medan ytre Søre Sunnmøre ikkje har tilsvarende framdrift som dei øvrige kommunane i regionen. Desse har tilnærma seg reformarbeidet meir individuelt.

5. Viktige moment i det vidare arbeidet

Når utgreiingsarbeidet no kjem til ei slutfase, har det alt starta opp spørsmål frå kommunane om korleis ein skal ta dette arbeidet vidare. Det vil stå sentralt å skape møte- og dialogplassar, gjerne med faglig input til deltakarane. Det bør være minst ei konferanse/samling/studietur med fagleg og uformelt tilsnitt, slik at ein får arbeidsrom for dei vidare prosessane både lokalt og reigonalt. Vi har erfart at gode møteplassar står heilt sentralt i framdrifta av gode prosessar.

Det er viktig at Sunnmøre Regionråd IKS heile tida er i forkant og planlegg ca. tre kvartal fram i tid. Vi er i intern diskusjon om vi skal utvikle vår kompetanse til å bidra inn i arbeidet med intensjonsavtalar, i form av forhandlingsleder e.l.

Vi erkjenner ei utfordring ved kommunevalet 2015, i høve framdrifta i eformarbeidet. Det er ein utfordring å få nytt politisk miljø opp i same tempo og på same faglege nivå som kommunane har i dag. Nye relasjonar skal skapast. Her vil det truleg behov for møteplassar/konferansar på eit tidleg tidspunkt etter valet.

Det må vidare vurderast frå Fylkesmannen sin side om ein bør kome tydeligare fram på kommunal arena for å vise vei til dei som heng litt etter i prosessen.

Med vennleg helsing

Jan Kåre Aurdal
daglig leder

Anne Mette Liavaag
rådgiver